

Styremøte i Sotra Volleyballklubb



Tid: Måndag 04.10.2021 kl. 18:00-19:30

Stad: Bildøyhallen - klasserommet

Dette er eit viktig møte med innkalling utanom dei faste møta kvar månad. Grunnen er at trenar for jentelaget U15/U17 sluttar engasjementet sitt etter haustferien.

Saker:

- 1/4** Innkalling styremøte
 - 2/4** Saksliste
 - 3/4** Trenar JU15/JU17
 - 4/4** Helgevakt i Bildøyhallen
-

Orientering om sakene:

- 1/4** Innkalling til styremøte
Vedtak
- 2/4** Saksliste
Vedtak
- 3/4** Trenar JU15/JU17

Sotra VBK må skaffa ny trenar til jentelaget U15/U17 straks. Arne Geir Sannarnes vil slutta som trenar etter haustferien 2021. Jentelaget står då utan hovudtrenar. Klubben har skaffa assistenttrenarar som med litt hjelp av andre, kan organisera treningane fram til ny hovudtrenar kan overta. Kor lang tid dette vil ta veit ingen. Det er synd for jentene om styret ikkje kan gje dei eit treningsalternativ framover.

4/4 Helgevakt i Bildøyhallen

Mikael tok vakta laurdag 25. september. Renate tok vakta søndag 3. oktober. Vi må skaffa ei oversikt over kven som kan ta helgevaktene i Bildøyhallen. Eg har fått ei oversikt over datoar i oktober der det skjer noko i Bildøyhallen. Denne oversikta kan verta endra. Vi må få til ein avtale med Sotra BC om vakthaldet vidare.

Mvh.

Mikael Tangen

Styreleiar Sotra VBK